

Førebuing/ Forberedelse

30.11.2017

SIG3030 Signalmontørfaget

Nynorsk

Informasjon til førebuingssdelen	
Førebuingstid	Førebuingstida varer éin dag.
Hjelpemiddel	<p>På førebuingssdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av Internett.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre er ikkje tillate.</p>
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Andre opplysningar	I førebuingstida kan du samarbeide med andre, finne informasjon og få rettleiing.
Informasjon om vurderinga	<p>Jf. forskrift til opplæringslova § 3-54:</p> <p>” Eksamen skal prøve i kva grad den einskilte lærlingen har nådd kompetansemåla som er fastsette i læreplanane for Vg1 og Vg2 i skole som det lærefaget lærlingen tek sikte på å ta fagprøve i byggjer på.”</p>

ULIKE ELEKTROARBEIDER I EI BUSTADSBLOKK

Denne førebuingdelen består av to delar:

Del 1) Generell skildring av arbeidsoppdraga.

Del 2) Informasjon om moglege arbeidsoppdrag.

Arbeidsoppdraga er delt i to grupper:

- Arbeidsoppdrag alle kan bedast om å planleggja
- Arbeidsoppdrag som berre vert utført av nokre yrkesgrupper. Du skal planleggja det som er naturleg for utdanninga di.

Det er ingen vedlegg til denne forberedelsesdelen.

DEL 1) GENERELL SKILDRING.

Det skal utførast ulike elektriske arbeid i og i nærleiken av ei bustadsblokk. Arbeidet utførast av ulike yrker innan elektrofag. Du skal som ein del av opplæringa vera med å planleggja ulike arbeidsoppdrag saman med ein montør.

Skildring av bustadsblokk

Bustadsblokka ligg i eit område med fleire andre bustadsblokker. Blokkene vart bygd i 1985 . Blokka er på fire etasjar. Det er to oppgangar i blokka. I kvar oppgang er det tre leilegheiter i kvar etasje.

Blokken er ikkje tidlegare rehabilitert, men ein del bebuarar har bygd om og pussa opp leilegheitene sine og skifta ut delar av det elektriske anlegget. No skal det gjennomførast ei større rehabilitering av denne og andre blokkar i området.

Del 2) INFORMASJON OM MOGLEGE ARBEIDSOPPDAG.

ELEKTROARBEID SOM SKAL UTFØRAST:

- Elektroarbeider i leilegheit, med nytt bad, kjøkken og sikringsskap
- Vurdering av transformator og inntak
- Installasjon av heis

Oppgåvene vert fordelt på ulike yrkesgrupper, der du skal utføra nokre av dei.

Elektroarbeider i leilegheit, med nytt bad, kjøkken og sikringsskap.

Badet i ein av leilegheitene skal rehabiliterast. Rommet er ifølgje opplysningane på 6 m², og skal innehalda dusj. De får seinare teikningar på badet, men skal planleggja installasjon av lys, varma og annan elektrisk installasjon. Montøren ynskjer at planlegginga viser risikovurdering og praktiske løysingar for installasjonen på bad.

Kjøkkenet skal byggjast om og det skal monterast nytt elektrisk anlegg. De skal vera med på å planleggja og gjennomføra installasjonen for kjøkkenet.

Installatør er i tillegg samd med kunde om at de skal byggja om sikringsskapet.

Vurdering av transformator og inntak

Blokka vert forsynt frå ein nettstasjon. Nettstasjonen forsyner to av blokkene i området. Nettselskapet vurderer å skifta transformatoren og inntakskabel. Du skal vera med og vurdere forhold som kan vera avgjerande for eit skifte.

Installasjon av heis

I samband med rehabilitering av blokka skal det installerast ein heis. Det er ny heis som skal monterast utvendig. Heisen skal gå over 4 etasjar. Du vert beden om å finna ein heis du sjølv kjenner og vurdere korleis denne kan monterast.

Andre oppdrag.

Du må vere førebudd på andre oppdrag i tilknytning til desse anlegga.

Bokmål

Informasjon til forberedelsesdelen	
Forberedelsestid	Forberedelsestiden varer én dag.
Hjelpemidler	<p>På forberedelsesdagen er alle hjelpemidler tillatt, inkludert bruk av Internett.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre er ikke tillatt.</p>
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Andre opplysninger	I forberedelsestiden kan du samarbeide med andre, finne informasjon og få veiledning.
Informasjon om vurderingen	<p>Jf. forskrift til opplæringslova § 3-54:</p> <p>” Eksamen skal prøve i kva grad den enskilte lærlingen har nådd kompetansemåla som er fastsette i læreplanane for Vg1 og Vg2 i skole som det lærefaget lærlingen tek sikte på å ta fagprøve i byggjer på.”</p>

ULIKE ELEKTROARBEIDER I EN BOLIGBLOKK

Denne forberedelsesdelen består av to deler:

Del 1) Generell beskrivelse av arbeidsoppdragene.

Del 2) Informasjon om mulige arbeidsoppdrag.

Arbeidsoppdragene er delt i to grupper:

- Arbeidsoppdrag alle kan bli bedt om å planlegge
- Arbeidsoppdrag som bare utføres av noen yrkesgrupper. Du skal planlegge det som er naturlig for din utdanning.

Det er ingen vedlegg til denne forberedelsesdelen.

DEL 1) GENERELL BESKRIVELSE.

Det skal utføres forskjellige elektriske arbeider i og i nærheten av en boligblokk. Arbeidet utføres av ulike yrker innen elektrofag. Du skal som en del av opplæringen være med å planlegge ulike arbeidsoppdrag sammen med en montør.

Beskrivelse av boligblokk

Boligblokka ligger i et område med flere andre boligblokker. Blokkene ble bygget i 1985. Blokka er på fire etasjer. Det er to oppganger i blokka. I hver oppgang er det tre leiligheter i hver etasje.

Blokken er ikke tidligere rehabilitert, men en del beboere har bygget om og pusset opp sine leiligheter og skiftet ut deler av det elektriske anlegget. Nå skal det gjennomføres en større rehabilitering av denne og andre blokker i området.

Del 2) INFORMASJON OM MULIGE ARBEIDSOPPDRAG.

ELEKTROARBEID SOM SKAL UTFØRES:

- Elektroarbeider i leilighet, med nytt bad, kjøkken og sikringsskap.
- Vurdering av transformator og inntak.
- Installasjon av heis

Oppgavene fordeles på ulike yrkesgrupper, der du skal utføre noen av dem.

Elektroarbeider i leilighet, med nytt bad, kjøkken og sikringsskap.

Badet i en av leilighetene skal rehabiliteres. Rommet er ifølge opplysningene på 6 m², og skal inneholde dusj. Dere får seinere tegninger på badet, men skal planlegge installasjon av lys, varme og annen elektrisk installasjon. Montøren ønsker at planleggingen viser risikovurdering og praktiske løsninger for installasjonen på bad.

Kjøkkenet skal bygges om og det skal monteres nytt elektrisk anlegg. Dere skal være med på å planlegge og gjennomføre installasjonen for kjøkkenet.

Installatør er i tillegg enig med kunde om at dere skal bygge om sikringsskapet.

Vurdering av transformator og inntak

Blokka blir forsynt fra en nettstasjon. Nettstasjonen forsyner to av blokkene i området. Nettselskapet vurderer å skifte transformatoren og inntakskabel. Du skal være med og vurdere forhold som kan være avgjørende for et skifte.

Installasjon av heis

I forbindelse med rehabilitering av blokka skal det installeres en heis. Det er ny heis som skal monteres utvendig. Heisen skal gå over 4 etasjer. Du blir bedt om å finne en heis du selv kjenner og vurdere hvordan denne kan monteres.

Andre oppdrag.

Du må være forberedt på andre oppdrag i tilknytning til disse anleggene.



Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
www.utdanningsdirektoratet.no